



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

29.02.2024

Vår ref:

2024/562

Dykkar dato:

08.01.2024

Dykkar ref:

202108530

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Fråsegn til søknad om konsesjon for regulering og uttak vatn frå Håvikvatnet - Bjørnafjorden kommune og Kvinnherad kommune

Kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt når det gjeld moglege konsekvensar for elvemusling, som er ein trua art med nasjonal handlingsplan. Det må undersøkast om reguleringa påverkar elvemuslingen negativt, eventuelt gjennom konsekvensar for vertsfisken.

Det må stillast vilkår om å oppretthalde fiskevandring forbi dammen, og at det blir utført habitatfremjande tiltak i tråd med tilrådinga i konsekvensnotatet for fisk.

Vi ber òg om at det blir utgreidd alternativ trasé for vassrøyret som i dag går i elveløpet frå Håvikvatnet til stamfiskanlegget, slik at dette kan fjernast frå elva.

Vi viser til høyringa av konsesjonssøknaden for uttak av drikkevatt frå Håvikvatnet, som ligg i kommunane Bjørnafjorden og Kvinnherad.

Bakgrunn

AS Bolaks driv stamfiskproduksjon i Nystølsvågen med Håvikvatnet som vasskjelde til anlegget. Anlegget er bygt og drive utan av det tidlegare har vore søkt konsesjon for vassuttaket til anlegget. Det er no søkt om eit høvesvis gjennomsnittleg og maksimalt vassforbruk på 97 liter per sekund og 180 liter per sekund. I tillegg er det søkt om å halde fram med regulering av Håvikvatnet mellom kote 57 og kote 56,1. Det er planlagt å sleppe minstevassføring på 30 liter per sekund i perioden 1. mai - 30. september og 100 liter per sekund resten av året.

NVE skal behandle regulering, vassutak og tilhøyrande infrastruktur fram til stamfiskanlegget. Statsforvaltaren skal vurdere om kjende allmenne interesser kan bli påverka, og i tillegg vurdere tiltaket opp mot vårt sektoransvar.

Vår vurdering

Viktige premisser for utbygging av vassdrag er at naturinngrep blir avgrensa så langt som råd, at alle tiltak blir godt tilpassa terreng og landskap, og at området blir stelt til att i tråd med moderne praksis. Det må stillast vilkår om avbøtande tiltak for å ta vare på viktige naturverdiar som blir påverka negativt.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Det er planlagt å halde fram med ei regulering på +/- 0,9 meter, noko som vil halde fram med å tørleggje noko strandnær innsjøbotn. Det er ikkje opplyst kva som er naturleg variasjon i vasstanden, men ofte vil ei regulering på ein meter ikkje gå vesentleg ut over den naturlege reguleringssona.

Planlagt minstevassføring i Sunnfjordelva er om lag på nivå med 5-persentilane for sommar og vinter. Det er dermed lagt opp til å oppretthalde eit lågvassføringsnivå som er representativt for årstida. Redusert dynamikk på grunn av reguleringa vil derimot gi eit stabil lågvassføring i store delar av året, og den reduserte dynamikken vil vere uheldig for vasstilknytt flora og fauna.

Av totalt 36 bestandar med elvemusling i Vestland, er det berre ein att som er klassifisert som livskraftig. 14 bestandar er allereie utrydda og resterande 22 er rekna å vere trua eller svært nær utrydding. Situasjonen for arten i Vestland er med andre ord at vi med stø kurs er i ferd med å miste forvaltingsmålet for artar etter naturmangfaldlova § 5, som seier at ein skal ta vare på artane og deira genetisk mangfald på lang sikt, og at artane førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde.

Ein av bestandane som er i dårleg tilstand finn vi i Sundfjordelva som renn frå Håvikevatnet. Elvemusling er (raudlista; status sårbar – VU). Dette er omtalt i søknaden, og det er vist til ei statuskartlegging for vassdrag i Hordaland i 2018 ([Rådgivende Biologer AS, rapport 2822](#)). Denne kartlegginga og påfølgjande intervensering stadfesta lokal kunnskap om førekomst av arten i vassdraget. Vertsfisk er ikkje kartlagt, men innlandsaure er einaste aktuelle vert, sidan det ikkje er oppvandringshøve for laks/sjøaure i elva. Vurderinga i rapporten er at «Bestanden er forgubba og her ser ikkje ut til å ha vore rekruttering på fleire tiår. Noverande status for bestanden, basert på ulike klassifiseringsmetodar (sjå metodekapittel), er at den er «truga» og «snart forsvunnen».

Kunnskapen om førekomst og bestandsstatus for elvemuslingen vurderer vi som tilstrekkeleg. Det er derimot ikkje vurdert om og eventuelt i kva grad reguleringa kan påverke bestanden negativt, og eventuelt vere årsak eller bidra til manglande rekruttering dei seinaste tiåra. Høgare lågvassføring på grunn av minstevassføringa vil vere gunstig for elvemuslingen, medan reduserte flaumar kan føre til meir sedimentering av finmasse som kan vere negativt. Eventuelle konsekvensar for verstsfsken kan òg få følgjer for elvemuslingen. Vi saknar eit betre vurderingsgrunnlag korleis elvemuslingen kan bli påverka av endra vassføring, eventuelt indirekte gjennom effektar på vertsfisken.

Konsekvensvurderinga for fisk i Rådgivende Biologer AS Notat 2016 konkluderer med at utfyllinga i sundet og demninga ved har redusert rekrutteringa til aurebestanden i Håvikvatnet. Bestanden har bra fiskestorleik, og det speglar truleg att ein relativt fåtaleg bestand i høve til storleiken på innsjøen. Det er tilrådd tiltak for å avbøte skaden; dette gjeld utlegging av gytegrus, heving av botnen oppstraums demninga, og teknisk løysing for slepp av minstevassføring frå gjennom demninga. Det er ål (raudlista; status sterkt truga – EN) i Håvikvatnet, og vurderinga i fiskerapporten er at ålen i dag klarer både å vandre både opp og ned demninga. Vi legg til grunn at det blir stilt vilkår i konsesjonen om gode vandringstilhøve for fisk, og at det skal nyttast fiskekompetanse som òg omfattar kunnskap om elvemusling ved utforming av avbøtande tiltak.

Det er registrert storlom ved Håvikvatnet. Vi har ikkje opplysningar om eventuell hekking, men med utforminga av vatnet med fleire holmar, ser det ut til å vere optimale hekkeplassar. Variasjonar i vasstanden i rugetida kan medføre at reir kan drukne eller at avstanden til vassflata kan bli ugunstig stor. Dersom det stemmer at reguleringsregimet held seg om lag innafor naturleg høgdevariasjon for vatnet, er det ikkje grunnlag til å vente at sjølve reguleringa påverke eventuell hekking negativt.



Vernegrensa for Håvikvatnet naturreservat går langs delar av Håvikvatnet. Gjeldande regulering er, som nemnt relativt avgrensa og truleg nær/innafor naturleg vasstandsvariasjon. Vi reknar ikkje med at reguleringa innafor desse rammene vil kome i konflikt med vernereglane for naturreservatet.

Foto i søknaden (figur 1-6) viser to eksisterande vassrøyr som er lagt i elveløpet frå demninga i Håvikvatnet til stamfiskanlegget. Vassrøyra i elveløpet er omtala i søknaden, og det er vurdert som betre å halde fram med denne løysinga framfor å etablere ei røyrgate i terrenget. Det er peika på at den etablerte vegen opp dalen kan vere ein mogleg trasé, men at dette igjen vil føre til eit nytt inngrep, sjølv om det vil sjå penare ut ved Sunnfjordelva.

Vår vurdering er at røyra utgjør eit svært uheldig vassdragsinngrep som ikkje er i tråd med moderne krav til slike anlegg. Dette må ha vore ei praktisk løysing då anlegget i si tid blei bygt, men negative konsekvensar for naturmiljø og landskap har ikkje vore vurdert eller fått stille premissar for utbygginga. Vi ber om at det blir utgreidd alternativ trasé for vassvegen. Dersom det er mogleg å leggje røyrret i vegggrøfta vil dette truleg utgjere eit akseptabelt inngrep vurdert opp mot dagens løysing, jamfør naturmangfaldlova § 11 og 12.

Vi minner om at vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12.

Vi viser elles til forureiningslova § 7 om tiltakshavars ansvar for å unngå forureining.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM